

RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGERDato: 12.04.2018  
Vår ref.: 2018/7589-5  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Kulturminnefagleg fråsegn i samband med bygging av landbruksvei - gnr. 155 bnr. 5,15 - Hopland - Radøy kommune

Me viser til dykkar brev av 12.02.2018 med søknad om godkjenning av landbruksveg og masseuttak/terrenginngrep, samt vårt brev av 13.03.18 der me varslar behov for synfaring i området. Det blei gjennomført ei kulturhistorisk synfaring den 11.04.18.

Under synfaringa blei det konstantert at tiltaket allereie er utført. Dette er beklageleg då moglegheita for å vurdere det aktuelle området, jf. kulturminnelova §§ 3 og 11, ikkje lengre er tilstade. Me har inga vidare merknader i saka.

Når det gjeld nyare tids kulturminne har bygginga av vegen ført til at skade på den SEFRAK-registrerte jordkjellaren som ligg på eigendommen. Potetkjellarar er kulturminne med lokal- og regional interesse. Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å forvalte eigne verneverdige kulturminne. Det er eit nasjonalt mål at tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast.

Me oppmodar om at potetkjellaren blir stabilisert og at dei øydelagde delane av potetkjellaren blir tilbakeført.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*